



Møteprotokoll

Utval: Nærøyfjorden verneområdestyre

Møtestad: Aurland

Dato: 24.06.2024

Tidspunkt: 10:00 - 11:30

Følgjande faste medlemmer møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|-------------------|-----------|------------------------|
| Kjell Bøe Bjørgum | Leiar | Aurland kommune |
| Marta Sofie Vange | Nestleiar | Vik kommune |
| Audun Mo | Medlem | Lærdal kommune |
| Samson Hamre | Medlem | Voss herad |
| Marianne Nordhus | Medlem | Vestland fylkeskommune |

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|------|----------|---------------|
|------|----------|---------------|

Følgjande varamedlemmer møtte:

| Namn | Møtte for | Representerer |
|------|-----------|---------------|
|------|-----------|---------------|

Merknader:

Styremøte vart avslutta kl. 11.30 24. juni. Etter styremøte var det synfaring for styret. Turen gjekk med båt på fjorden frå Aurland til Styvi, Dyrdal og Gudvangen. Turen gjekk vidare til Stalheim, og overnatting på Stalheim hotell. Dag to var det synfaring til Sivle og Nåli, og omvising på museet på Stalheim.

Andre deltakarar:

- Magnhild Aspevik, landbrukssjef ÅLA

Andre frammøtte:

| Namn | |
|------------------|---------------------------------|
| Anbjørg Nornes | verneområdeforvaltar / sekretær |
| Jorunn Vallestad | verneområdeforvaltar / sekretær |

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Kjell Bøe Bjørgum

Marianne Nordhus

Saksliste

| Utvalgs-saksnr | Innhold | Lukket | Arkiv-saksnr |
|----------------|--|--------|--------------|
| ST 25/24 | Godkjenning av innkalling og dagsorden | | |
| ST 26/24 | Val av styremedlem til å skrive under protokollen | | |
| ST 27/24 | Orienteringar og referatsaker | | |
| RS 11/24 | Rapport - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Drægo til Hjølmo - motorferdsel vinterføre | | 2023/3038 |
| RS 12/24 | Endring arbeidsfrist - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - tiltak på gamle Bakkavegen - Aurland kommune | | 2023/17902 |
| RS 13/24 | Løyve - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Vassetstølen - helikoptertransport av materiale | | 2021/2525 |
| RS 14/24 | Løyve - delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hjølmo - motorferdsel - 67/2 - 67/9 - Arild Dyrdal | | 2023/15444 |
| ST 28/24 | Nærøyfjorden landskapsvernområde - Stokko - bål plass - Nærøyfjorden verdsarvpark | | 2024/9218 |
| ST 29/24 | Nærøyfjorden landskapsvernområde - etablering av fanggjerde og omlegging av høgspentlinje - E16 Kjerrskredene - Statens vegvesen | | 2024/8062 |
| ST 30/24 | Nærøyfjorden landskapsvernområde - Undredal - flåte ved naust | | 2024/6666 |

ST 25/24 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 24.06.2024

Handsaming i møte

Innkalling og dagsorden vart lagt fram til godkjenning.

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

ST 26/24 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 24.06.2024

Handsaming i møte

Framlegg på Marianne Nordhus til å skriva under møteprotokollen saman med styreleiar.

Vedtak

Marianne Nordhus vart valt til å skriva under møteprotokollen.

ST 27/24 Orienteringar og referatsaker

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 24.06.2024

Handsaming i møte

RS 11/24

Styret ser alvorleg på at vilkåra i løyvet til motorisert ferdsel på snøføre ikkje er fylgt. I dette tilfellet vart det ikkje registrert skader i terrenget. Dersom det ved eit seinare høve ikkje er mogleg å gjennomføra transport i samsvar med løyvet, ber styret om at tiltakshavar har dialog med verneområdeforvaltninga, slik at det kan takast ny vurdering i saka.

Vedtak

Referatsaker og delegerte saker vart tatt til orientering

ST 28/24 Nærøyfjorden landskapsvernområde - Stokko - bål plass - Nærøyfjorden verdsarvpark

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 24.06.2024

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar. Det bør vurderast om det kan settast opp skilt om brannfare på dei etablerte bål plassane.

Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Nærøyfjorden verdsarvpark løyve til å behalde bål plassen som er etablert på Stokko.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldslova § 48 fyste ledd og fyrste alternativ, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Bål plassen skal haldast enkel og nøktern, beståande av ein liten bålring av stein med enkle trebenkar rundt. Storleik om lag 2x2 m.
- Bål plassen skal kunne nyttast av ålmenta i tillegg til kommersielle aktørar med avtale.

- Bålplassen skal vere plassert som vist på kart og bilde i saka.
- Bålplassen skal haldast i god stand, og området rundt haldast ryddig.
- Bålplassen skal fjernast dersom den ikkje lenger er i bruk.
- Dersom bålplassen fører til stor skade på naturen i området, kan verneområdestyret kreve at bålplassen blir fjerna.

ST 29/24 Nærøyfjorden landskapsvernområde - etablering av fanggjerde og omlegging av høgspenlinje - E16 Kjerrskredene - Statens vegvesen

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 24.06.2024

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.


Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Statens vegvesen dispensasjon til etablering av fanggjerde ovanfor E16 ved Kjerrskredene i Nærøyfjorden landskapsvernområde. Det vert gitt løyve til å ta ned høgspenlinja i same område. Høgspenlinja skal leggjast på nedsida av E16 og utanfor landskapsvernområdet.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd og andre alternativ.

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Det kan setjast opp fanggjerde på strekninga vist på kartet i vedtaket, fig. 1. Fanggjerdet er om lag 1150 meter langt, og med ein høgde på 6 meter.



Oversiktskart over fanggjerdets plassering



Figur 1 Oversiktskart, plassering av fanggjerde. Kopi frå Statens vegvesen

- Tiltaka skal avgrensast til det som er strengt naudsynt som sikringstiltak.
- Anleggsperioden er 2024 og 2025.
- Høgspenlinja og mastene skal fjernast frå området straks dei er demonterte. Eventuelle fundament for mastene skal fjernast, og det skal ikkje vera synlege mastepunkt att i terrenget etter mastene er fjerna.
- Det kan nyttast gravemaskin i terrenget for å fjerna 4 mastepunkt. Køyring til kvart mastepunkt skal vera frå E16 og opp til kvart mastepunkt. Det skal ikkje køyrast i terrenget mellom mastepunkta. Før det vert køyrt med maskiner i terrenget, skal desse reingjerast for å unngå spreiding av nye og framande artar. Løyvet gjeld for åra 2024 og 2025.
- Lastebil med kran/boretårn kan stå i vegkant i terrenget ved etablering av fanggjerde
- Det kan nyttast helikopter i samband med transport og montering av master og fanggjerde.
- Dersom det ikkje er mogleg å nytta drone til synfaring av fjellpartiet ovanfor E16 ved Kjerrskredene, vert det gitt løyve til lågtflyging med helikopter til synfaringa.
- Løyve til landing og lågtflyging med helikopter gjeld for inntil 5 tilflygingar i 2024 og 2025.
- Terrenget skal tilbakeførast slik at det ser mest mogleg urørt ut straks mastene frå høgspenlinja er fjerna, og fanggjerdet er ferdig etablert. Området skal ryddast for materialrestar straks arbeidet er slutført.
- Arbeidet skal vera avslutta innan 31.12.2025. Verneområdeforvaltar skal vera med på sluttsynfaring på arbeidet. Verneområdestyret kan, etter samråd med tiltakshavar, gje nye pålegg til opprydding etter tiltaket.

ST 30/24 Nærøyfjorden landskapsvernområde - Undredal - flåte ved naust

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 24.06.2024

Handsaming i møte

Verneområdestyret meiner at vedlikehaldsarbeidet på kaien må kunne gjerast ferdig innan ein 3-års tid, og set difor arbeidsfrist til 01.09.2027. Styret vurderer at arbeidsflåten som er ankra opp framfor naustet er ein fast installasjon, og presiserer dette i vedtaket.

Nytt framlegg til vedtak:

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Stein Ove Borlaug Løyve til å ha ein arbeidsflåte ankra opp som fast installasjon framfor naustet på eigedom 51/115 innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde, og naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Løyvet til fast oppankring av arbeidsflåten gjeld til 01.09.2027.
- Storleiken på arbeidsflåten som er anka opp utanfor naustet skal ikkje aukast ut over dei måla den har i dag. Den har ei lengde på ca. 14 meter, og ei breidde på 2 meter. Eine enden av flåten har ei breidde på 7 meter.
- Nærøyfjorden verneområdestyre kan krevje at arbeidsflåten vert fjerna dersom den er til skade på verneverdiane eller verneføremålet

Dette løyvet er berre handsama etter verneforskrifta. Tiltakshavar må ta kontakt med Aurland kommune for vurdering etter anna lovverk.

Nytt framlegg til vedtak vart samrøystes vedtatt.

Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Stein Ove Borlaug Løyve til å ha ein arbeidsflåte ankra opp som fast installasjon framfor naustet på eigedom 51/115 innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde, og naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet er gjeve med fylgjande vilkår:

- Løyvet til fast oppankring av arbeidsflåten gjeld til 01.09.2027.
- Storleiken på arbeidsflåten som er anka opp utanfor naustet skal ikkje aukast ut over dei måla den har i dag. Den har ei lengde på ca. 14 meter, og ei breidde på 2 meter. Eine enden av flåten har ei breidde på 7 meter.
- Nærøyfjorden verneområdestyre kan krevje at arbeidsflåten vert fjerna dersom den er til skade på verneverdiane eller verneføremålet

Dette løyvet er berre handsama etter verneforskrifta. Tiltakshavar må ta kontakt med Aurland kommune for vurdering etter anna lovverk.